Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vikedal

Emne: Brynet. | Bygdelag:

Oppskr. av: Liva Solheim | Gard:

(adresse): Vikedal | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Knut Lillemo, 87 år, Vikedal

SVAR

1. Det vanlege ord for bryne er her kvass-steidn, og å bryna kallar ein a kvedja, men mange brukar no ogå seia å bryna.
Hein (som her vert uttala heidn) er ein finare sort kvass-stein som ein bruka til å bryne t. d. barberkniven med. Det kalla ein å heina kniven.

2. Ein nyttar både kunst-stein og naturstein, men ein reknar at naturstein er best. Den beste sort naturstein vert kalla „fledja". Ein finn ikkje slik stein her i bygda, og ein veit heller ikkje kvar han kom frå.

3. Alle reiskapar vart fyrst slept på ein rund slipestein og så med kvass-steinen, (med undantak av barberkniven.) Den vart fyrst kvesst med „heidn" og så på ei lang lerreim som kalles stråka. Ho er slett på den eine sida, men noko ruflet på den andre.

4. Det vert fortalt at ein og kvesste ljåen ved å tynna ut eggja med

444

2

ein hamar. Det var visst berre ljåen som ~~vart~~ ein gjorde slik med. Det kalles å tynna ljåen. Ein kan ikkje seja noko visst om kva tid det vart ~~skikk~~ ~~vane~~ skikk å slipa ljåen, men min heimelsmann fortel at far hans, som var fødd i 1828, kunne hugsa at dei bruka å tynna ljåen. Tynninga vart gjort i smia og på ein vanleg ambolt. Det måtte vera ein kunnig mann til å gjera det, for det var rekna for eit vanskeleg arbeid og måtte gjerast varsamt og nøggrant. Det vart gjort i slåttonna.

5 Ein kjenner ikkje til at det vart bruka ein større stein som låg stilt og som dei slipte på ved å føra reiskapen fram og attende på.
Ein brukte å taka slipesteinen med seg ut på slåtteteigen når det var langt dit – t.d. til fjells. Ein trur at slipesteinen vart teken i bruk for ikring 100 år sidan.

6. Ein god ljå kan ein bruka ein heil dag utan å slipa han, men det vanlege er å slipe kvar maløkt – 3-4 gonger om dagen. Før i tida brukte ein fyrst brynestein og så stråka. Stråka var ein flat askestong, ca 60 cm. lang og 3 cm. brei. Fyrst stakk dei henne med i vatn og deretter ned i ei maurtuve for å få fin sand på henne, og så strauk dei med stråka over ljåen. Stråka hadde dei med seg

444

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

heimanfrå.

8. Ein tek helst ljåen av orvet når ein sliper. Sume held egga til seg, andre frå seg, når dei sliper.

9. Når folk bryner stuttorvet, set dei orvet mellom knea og held ljåen med vinstre handa og bryner med högre. Når dei kvesser langorv, set dei enden av orvet ned i marka på högre sida av seg - noko på skrå - og held i ljåen med vinstre hand, brynet i högre hand.

10. Den koppen brynet blir bori i, kallast koteholken. Han er laga av tre. Han er ca 30 cm. lang og 6 cm. i firkant.

11. Ein kjenner ikkje til at det har vori brukt horn til å bera brynet i her i bygda.

12. Koteholken vart boren på vinstre sida, den vart festa med ein jernkrok til ei lerreim som ein hadde kring livet. Ho kalles slåtterreima.

13. Ein vatte både natur- og kunststein, det var berre vatn ein bruka til det.

14. Ein kjenner ikkje til at dei hadde noko namn på det mjölet som kjem fram ved bryning.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15.
Ein kjenner heller ikkje til at det vart brúka mot ringorm eller andre sjukdommar.

16
17.
Heller ikkje veit ein om at dei trudde brynet vart betre av å leggja i jorda eller i ei maurtuve.

18. Her finst inga forteljing om at brynet „talar“

19.
Ein veit heller ikkje om at dei sa noko når dei spytta på brynet.

20.
Ein kjenner heller ikkje nokon ramser eller stev som bruktes under kvessinga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 444
BYGDØY